TYSNES KOMMUNE

Arkivsaknr: 2026/1441-1
Sakshandsamar: Ingrid Tysnes Stue
Avdeling: Tysnes kommune

SAKSFRAMLEGG

Revisjon - Forskrift om gebyr for feiing og tilsyn av fyringsanlegg , Tysnes kommune

Utval

Formannskap	05.11.2026 52/26

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Framlegg til ny forskrift om gebyr for feiing og tilsyn av fyringsanlegg i Tysnes kommune blir sendt på høyring slik den ligg føre med høyringsfrist 30.11.2026.

Politisk sak 52/2026 Revisjon - Forskrift om gebyr for feiing og tilsyn av fyringsanlegg , Tysnes kommune

Formannskap 05.11.2026

Behandling

Innstilling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Framlegg til ny forskrift om gebyr for feiing og tilsyn av fyringsanlegg i Tysnes kommune blir sendt på høyring slik den ligg føre med høyringsfrist 30.11.2026.

For forslaget stemte 7: Synnøve Bakke (AP), Geir Kenneth Tvedt (DNI), Magnar Solheim (FRP), Kristi Pedersen Madsen (H), Vidar Storesætre (H), Arne Leite (SP), Gjermund Lygre Kongsvik (SV).

Dermed blei innstillinga vedteken.

Vedtak

Framlegg til ny forskrift om gebyr for feiing og tilsyn av fyringsanlegg i Tysnes kommune blir sendt på høyring slik den ligg føre med høyringsfrist 30.11.2026.

Politisk handsaming

Saka skal til avgjerd i formannskapet

Saka gjeld
Revisjon av gjeldande Forskrift om gebyr for feiing og tilsyn for fyringsanlegg

- Forskrifta skal presiserast betre
- Kommunen skal gå over til å fakturere 1 gebyr som inkluderer gebyr for både feiing og tilsyn. Dette er ikkje i samsvar med punkt 3.2 i gjeldande forskrift.

Saka omhandlar ikkje størrelse på gebyret. Dette vert regulert og godkjent i samband med budsjett.

Saksopplysningar
Tysnes kommune ønskjer å revidere forskrifta om gebyr for feiing og tilsyn av fyringsanlegg. Gjeldande forskrift inneheld fleire punkt som bør presiserast for å gjere regelverket tydelegare og lettare å forstå og praktisere. Gjeldande forskrifta kan lesast her: Forskrift om gebyr for feiing og tilsyn av fyringsanlegg, Tysnes kommune, Vestland - Lovdata

Kommunen ønskjer òg å gå over frå separate gebyr for feiing og tilsyn til eitt samla gebyr. Denne ordninga er ikkje i samsvar med gjeldande forskrift og krev derfor ei forskriftsendring. I tillegg skal forskrifta få ei eiga føresegn som tydeleggjer kva gebyret skal dekkje.

Tysnes kommune gjer difor ei full revisjon av forskrifta, framfor å endre einskilde paragrafar. Etter høyringa blir saka lagd fram til innstilling i formannskapet og for endeleg avgjerd i kommunestyret.

Sakshistorikk
Tysnes kommune vedtok den gjeldande forskrifta i møte i kommunestyre 26.09.2023. Revisjonen skal gi eit tydeleg og føreseieleg regelverk for både eigarar av fyringsanlegg og kommunen. Framlegget skal særleg:

- presisere føresegner som i dag er utydelege
- leggje til rette for fakturering av eitt samla gebyr for feiing og tilsyn
- klargjere kva kostnader og oppgåver gebyret skal dekkje

Det samla gebyret skal erstatte dagens separate gebyr for feiing og tilsyn.

Vurdering
Kommunedirektøren vurderer at ein samla revisjon vil gjere forskrifta meir oversiktleg og tydeleg. Tydelegare føresegner vil gje innbyggjarane betre informasjon om gebyrplikta og kva dei betaler for.
Overgangen til eitt samla gebyr inneber ei endring av gebyrmodellen, ikkje berre ei språkleg presisering. Endringa vil elles ikkje føre til noko konsekvens for dei gebyrpliktige.

Økonomiske konsekvensar

Eitt samla gebyr er meint å gi ei meir oversiktleg fakturering. Omlegginga vil krevje tilpassing av gebyrregulativet, faktureringsgrunnlaget og informasjonen til innbyggjarane.

Vidare prosess

Framlegget til revidert forskrift blir sendt på høyring med 3 vekers høyringsfrist. Etter høyringa blir innkomne merknader vurderte, og saka blir lagd fram for kommunestyret til endeleg vedtak.
Det blir lagt opp til at den nye forskrifta erstattar gjeldande forskrift frå 01.01.2027.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren rår til at revidert forskrift om gebyr for feiing og tilsyn av fyringsanlegg vert sendt på høyring slik den ligg føre.

Vedlegg

1 Gebyrforskrift feiing og tilsyn av fyringsanlegg Rev 2026